

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 16. april 2026 kl. 18.30 – 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Sigrid
Mat:	Kremet kyllingsuppe

«Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand»

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog, Wenche Middtun, Olav J. Oma (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Roald Sangolt

SAKLISTE

- 2026/13** **Søknad om permisjon sokneråd og medlem fellesrådet fram til august - vedtak gjort i AU**
- Vedtak** Soknerådet ved AU har godkjent permisjonssøknaden frå eit medlem i Nysæter sokneråd fram til august.
- 2026/14** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
- Vedtak:** Godkjent.
- 2026/15** **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 05.03.2026**
- Vedtak:** Godkjent.
- 2026/16** **Ny nestleiar og nytt fast medlem til soknerådet**
- Saksutgreiing:** Grunna permisjonssøknaden i sak 13, rykker 1. vara opp til fast medlem fram til august.
- Vedtak:** Bjarne Petterteig, vert nestleiar. Roald Sangolt vert fast medlem av soknerådet, og Wenche Middtun vert 1. vara til soknerådet. 1. vara møter fast.
- 2026/17** **Saka går ut sidan grunna permisjonsøknaden i sak 13.**
- 2026/18** **Evaluering av soknerådsarbeidet**
- Saksutgreiing:** Me er om lag halvvegs i soknerådsperioden og AU ønskjer ei drøfting av korleis kvar einskild opplever det å vere med i rådet. Kvar medlem fortel litt i møtet rundt spørsmåla: 1. Korleis har du opplevd å sitje i soknerådet så langt? 2. Vil du anbefale andre å seie ja til å sitje i soknerådet neste periode? Kvifor? 3. Korleis bør møta våre sjå ut for at vi skal få godt engasjement? 4. Kva kan vi gjere for at soknerådet samla sett skal ha nok kapasitet til oppgåvene våre, utan at det skal bli for stor belastning på kvar enkelt?
- Drøfting** **Moment frå samtalen:**
- 1.** Spennande å vere med i soknerådet, var stor utskifting i soknerådet og ny sokneprest samtidig som gjorde det litt utfordrande i starten men har likevel gått veldig bra, usikker på kva ein skulle svare når ein vart spurt om å sitje i soknerådet men har ikkje angra, skulle kanskje bidratt meir, veldig kjekke og gode folk i soknerådet, meir å gjere sidan soknerådet ikkje har så mange medlemar, ynskjer å bidra meir når barna vert større, kunne fått til bedre satsingane, tenkte at det var mange gode kandidatar på lista og lett å sei ja, å vere prest i soknerådet er mykje det samme utgangspunkt som vanleg medlem, kjekt at det er fleire unge i rådet, positivt at varamedlemer i soknerådet har fått innkalling for på den måten kunne følge med på kva det vert jobba med, opplysende og lærerikt.
- 2.** Ja absolutt, kjekt å få vere med å påvirke.

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

3. Trygt med gode reglar rundt tidspunkt frå og til klokkeslett, trygt miljø som gjer at ein vågar å vere seg sjølv og sei det ein meiner.
4. Ta eit ærleg blikk på kva soknerådet skal jobbe med, ha meir bevisstgjerung angåande ulike arrangement som ligg i årshjulet; om det skal fortsetje på samme måte eller endrast, ha eit årshjul over kva tid soknerådet må trø ekstra til til mm, bevisstgjerung rundt underutvala,

2026/19

Saksutgreiing:

Lys i kyrkjerommet

Lysopplegget i Nysæter kyrkje er gammalt og utdatert. Etter anbefaling frå fagpersonar i 2023 må alt skiftast ut då det ikkje lenger er muleg å få tak i lyspærer, sikringar ryk som følge av ødelagde punkt mm. Dette vart då meldt vidare til fellesrådet. Soknerådet gjorde dette vedtaket 15.05.2025 på grunnlag av manglande lys i kyrkjerommet: *Soknerådet ber fellesrådet om informasjon om kva som skjer med saken og oppfordrar til fortgang i prosessen med å få dette på plass.*

Vedtak

Soknerådet ber fellesrådet om å utnevne ein prosjektleiar for lys i Nysæter kyrkje. Soknerådet føreslår Tormod Stautland som prosjektleiar. Me vil oppdaterast vidare i saka. Samrøystes vedteke.

2026/20

Saksutgreiing:

Interiør kyrkjerommet

Soknerådet tar ein runde i kyrkjerommet og ser på evt endringar som kan gjerast for at rommet blir mest muleg formålstenleg, både praktisk og synsmessig.

Drøfting

Soknerådet var på synfaring i kyrkjerommet, og kom med innspel og forslag som vert teke vidare i arbeidet.

2026/21

Saksutgreiing

Evaluering Døgnet 10. – 11. april

Me tar ein liten runde og høyrer korleis det var på Døgnet. Er det noko me tenkjer var bra, kunne vore gjort annleis osv.

Vedtak

Heilt grei samling, litt mykje å bruke så mykje tid på eit tema- har allerede hatt temaet i haust, greitt organisert, litt kort pause før middag fredagkveld, kjekt at mange opna seg i forhold til enneagrammet, trygt å snakke om seg sjølv, Alle enig om at Døgnet var bra/ tommel opp. Tilbakemeldinga går til kyrkjeverje.

2026/22

Saksutgreiing

Gudsteneste Gruvene 10. mai. Frukost 17. mai

Soknerådet syt for folk som kan lage til kyrkjekaffi, og aktivitetar for barn ved gudstenesta i Gruvene. Det må og på plass ein komite for å lage til 17. mai-frukost.

Vedtak:

Soknerådet får på plass folk til å vere med å lage til aktivitetar o.l. etter gudstenesta i Gruvene. Speidarane har med bålpanne, John Oddvar og Oddbjørg vert spurt om karamellkastar. Bjarne og Tormod ordnar lyd, låne evt elektrisk piano frå Stord. Straum må avklarast med personar i Gruvene.

Frukost 17. mai, samt frukost til skulekorpset. Det vert frukost frå kl. 8.30, og andakt kl. 9.00. Dei som kjem har med seg påleggssfat, kyrkja stiller med brød og drikke. Marta Kristin og Reidar lagar frukost i lag med fleire; antageleg Sigrid, Tormod, Reidun. Reidun handlar inn. Sigrid og Wenche pyntar 16. mai.

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

2026/23

Saksutgeing

Søknad frå songkoret Happy

Soknerådet har fått søknad frå songkoret Happy om økonomisk støtte på kr 5 000 til arbeidet dei driv.

Vedtak:

Soknerådet set stor pris på arbeidet som blir gjort i songkoret Happy, og innvilger søknaden på kr 5 000.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Kyrkjemiddag 22.03-ikkje tid
2. Kvelds-skjærtorsdag-Katalyma-ikkje tid
3. Fasteaksjonshelg-ikkje tid
4. Olav informerer frå det som skjer: Maren kyrkjetenar har sagt opp frå 10.08, stillinga vert lyst ut.
5. Det har vore møte med ungdomar frå 18 til 30 år: «18-30» prosjekt, konsulent Idun Fjeld er leiar for dette, første møte til hausten, samlingar i kapellet på HVL kl. 18.30

Referat, skriv og meldingar:

1. Diakoniutvalet

Referat frå sokneråda og fellesrådet ligg på heimesida; kyrkjastord.no

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd: 28.05. kl. 19.00 – 21.00

Opning ved Marit